

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 8 Fylke: Oppland.  
 Tilleggsspørsmål nr. Herad: V. Slidre, Valdres  
 Emne: B E I T O G B R O M . Bygdelag: Øyebygde i Røn.  
 Oppskr. av: G. Kirkevoll, Gard: Kirkevoll.  
 (adresse): Jomfrubraatvn. 25, G.nr. 66 og 67 Br.nr. 2 og 3  
 Bekkelagshøgda.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Ja. Eg er gartner <sup>50</sup> aar ~~60~~ aar  
 B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

- Beit var det vanlege namnet paa bjørk naar det ikkje var lauv paa henne. Det heitte, og dra paa aasen og hogge beit. Eller nan er i skoge og hogg beit. Dette vart gjort helst paa fyrste snødøtten um vetteren. Beite vart lunna saman med hest og reist paa enden i store beitakøsta, for so aa bli kjørt heim til gards sidan. Med beit meinest heile bjørkebuska. Kvist av gran og furu heitter bar. Bjørkebrun er bladknuppane paa bjørken. (I ~~Troms~~ Tromsø og Helgeland bjørkekommar). I sin tid var nok folk paa aasen og riste. Det var bjørkeris dei tok. Men det er lenge sidan.
1. Serleg i eldre tid var det fast skikk og bruk aa kjøre heim mykje beit paa garden og krøtere kom ut for aa bite av toppane. Eg kan ogso hukse at det for ein stor del var brukt i bygden for 30-40 aar sidan ~~XXXXXX~~ aa la krøtere bite beit ute. Dette var serleg paa mindre gardar. No er det sikkert gange av bruk naar det gjeld naustkrøter. Men kan vel hange att med sau og geit. (smaakrøter).
2. Beite (heile buskone) vart kjørt heim paa ein beitaslede som maatte vera sterk og godt jødna.
3. Det var helst paa ferejølsvetteren dei kjørde heim beit. Og var ikkje buskone alt for lange vart dei kjørt heim so lange dei var, og reist paa enden inntil fjøset eller ein annan husvegg. Til jol var det grust aa ha ein stor beitakøst.



Joledagen skulde ikkje krøtere ha beit paa garden, men halm eller kornband.

Det var saftigaste og beste beite ved umlag 1000 m.o.h.

Til vanleg la dei ned ein del beitauskor i garden. So vart kyr og ungdyr slept ut um det ikkje var for kaldt. Dei beit av det dei vilde av toppane, og det saa ut for at dei likte det godt.

Buskone som var avbitne vart dragne burt og laggt upp i ein annan køst. Og dagen etter vart det lagt utover nye buskor.

4. Beinveges rising i skogen veit eg ikkje um har vore brukt i mi tid, men i vaarknipa kan det nok hende ein og annan maatte ty til det. Det vart daa nytta lauvkniv. Nord i Slidre heitte det lauvsnyl.

5. Fyrst var ~~g~~ gjerne sau og geit ute og tok dei finaste toppane. Sidan kom kyrne som kunne bite nokso grove kvistar. Inn i geit og sauhuset kunne ein draga smaa gran og furubusker aa la smaakrøtere eta av baret og gnaga bærken. Dette med aa gnaga bærken kunne ein venja dyra til.

6. Det var vanleg før, at naustkrøtere kom ut for aa bite beit. Men dette ~~er~~ er truleg slutt etterkvart som det er vorte meir haustbere kyr og annan foringsmaate. Før var det mest um aa gjera aa fore over mest mogeleg for aa nytte seterhamnen. No er det stor forandring paa det.

7. For lang tid sidan var det skikken at dei maatte til skogen ~~og~~ rise paa fastande hjarta langfredag. Det hadde ein symbolsk tydnad. Dette er det slutt med for lenge sidan. Og det er vel neppe nokon som har serleg greie paa korleis dette gjekk for seg fraa fyrst til sist. Men grunndragi lever enno paa folkemunne.

Alle karar maatte tidleg opp langfredag og opp paa høgaasen og rise eit nestelass eller kjelkelass (skikjelke) der dei ikkje hadde hest. Riset maatte helst takast der sole skein paa toppane. Den dagen skulde det vera berre skrinn og daarleg mat. Ei maltkake eller noko dravbrød var det feitaste dei kunne eta, den dagen. Den kaka kunne dei taka med seg til risskogen og maule henne der. Maltkaka skulde steikast i glohauge og vart berre laga til det bruket. Dei som hadde klen risskog maatte dra like aat sameigun og rise. Det ~~24/3-51~~ var lang veg og daa det vart so mange so gjekk det hardt ut over skogen.